

## SV vil redde Bergensbanen!

Bergensbanen med sine årlege 1,3 millionar tonn gods og 1,3 millionar reisande fortener betre. Banen som blir kalla verdas vakraste togreise, har blitt eit utstillingsvindaug for marknadsliberalismen på sitt verste. Det er ikkje eit vakkert syn.

Manglande vedlikehald, enkeltspor, svingete trasé, stadige forseinkingar og ustabil vinterdrift pregar Bergensbanen i dag. Problema på Bergensbana og i jernbane-Noreg er politisk skapt og kan dermed berre løysast politisk. Alle land som lykkast med jernbane, har noko til felles: Statleg styring og klare ansvarsforhold.

Solberg-regjeringa si jernbanereform tok eit dårleg system og gjorde det endå dårlegare. Systemet inneber konkurranseutsetting av jernbanen, og fullstendig pulverisering av ansvaret for han: Norske tog AS kjøper togsetta. Vy, SJ, Flytoget og Go Ahead køyrer toga. Samferdsledepartementet set rammevilkåra. Jernbanetilsynet tar seg av tryggleiken, medan Jernbanedirektoratet bestiller ruter, og Entur sel billettane. Mantena reparerer togsetta, medan Bane NOR tek seg av togskinnene. Likevel tar ingen særleg ansvar når toga står stille, og passasjerar og gods ikkje kjem fram. Det er uhaldbart, og det fører til at folk i større grad vel bil eller fly når dei skal reise mellom dei to største byane i landet.

Skinnegåande transport har eit konkurransefortrinn – at han er føreseieleg. For passasjerane gjev det ein tryggleik om at ein kjem fram, og for godsoperatørar er dette heilt avgjerande. Bergensbanen kan ikkje vera eit unntak. Med sine 371 km bør det vera ei overkommeleg oppgåve for staten å handtere, men då må nokon gjere det som nesten ingen parti tør: Å prioritere jernbanen som nr. 1 i samferdslepolitikken.

100 år med manglande prioritering kan og bør gjerast noko med. SV vil redde Bergensbanen!

SV vil

- ha ein nasjonal jernbaneplan, og vil setje av nok pengar til å gjennomføre denne.
- sikre langsiktig finansiering og tydelege mål om kor norsk jernbane skal vere om 10 år.
- at Stanghelle-Voss skal vere ferdig planlagt slik at vidareføring av K5 blir bygd ferdig utan unødvendige forseinkingar.
- at Bergensbana på Arna-Stanghelle og Ringeriksbana skal stå klar i 2035.
- ha fleire og lengre strekk med dobbeltspor.
- utbetre og vedlikehalde rasoverbygg i høgfjellet og styrkje beredskapen for uventa hendingar på vinterstid.